



Vår dato:

26.02.2021

Vår ref:

2015/3217

Dykkar dato:

01.02.2021

Dykkar ref:

EIDSVÅG IDRETTSLAG
v/ Inger Anne Øyen
Jevikråket 9
6460 EIDSVÅG I ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Bjarne Otnes, 71 25 85 75

Revidert dispensasjon for opprusting og omlegging av tursti i Prestaksla naturreservat

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal viser til vårt vedtak av 21.12.2020, der Eidsvåg idrettslag fekk dispensasjon frå verneforskrifta for Prestaksla naturreservat i Molde kommune for opprusting og omlegging av eksisterande tursti til Prestaksla.

Vedtaket vart klaga på av Naturvernforbundet i brev av 01.02.2021. Dei meiner vedtaket må omgjerast, og at det må stillast krav som sikrar mot spreiing av framande artar inn i reservatet som følgje av tiltaket.

Vurdering av klagefrist og rettsleg klageinteresse

Vedtaket vart på grunn av ein feil ikkje registrert i miljøvedtaksregisteret før 28.01.2021, og vart då fanga opp av Naturvernforbundet. Vi legg difor til grunn at klagen mottatt 01.02.2021 er sett fram innanfor klagefristen på tre veker. Naturvernforbundet er ein ideell organisasjon som representerer allmenne klageinteresser knytt til natur- og miljøsaker, og vi legg til grunn at dei har rettsleg klageinteresse i denne saka.

Vurdering av klagen

Statsforvaltaren gir Naturvernforbundet rett i at risikoen for introduksjon av framande artar som følgje av tiltaket burde vore vurdert i vedtaket, og at det burde vore stilt vilkår som sikrar mot spreiing av framande artar.

I e-post til idrettslaget 17.02.2021 sendte vi over klagen, og varsla at vedtaket ville bli omgjort med vilkår knytt til framande artar. Idrettslaget svarte same dag at dei tar dette til etterretning.

I det følgjande har vi supplert saksgjennomgangen frå vedtaket 21.12.2021 med ei vurdering av risikoen for spreiing av framande artar, og med nye vilkår som skal fange opp dette.

Søknaden

Eidsvåg idrettslag søker om dispensasjon for opprusting og omlegging av eksisterande tursti gjennom Prestaksla naturreservat. Strekninga er del av ein lenger tursti frå parkeringa ovanfor Nessel prestegard til Prestaksla 609 m.o.h. Turen er populær både lokalt og regionalt som del av



StikkUt i regi av friluftsrådet. Trafikken på stien har difor auka mykje seinare år, med sterkt slitasje, erosjon og stispreiing som følgje.

Søknaden inneholder ei utfyllende skildring av planlagte tiltak på ulike punkt og strekningar både innanfor og utanfor reservatet. På delar av strekninga er det ønskeleg og nødvendig å legge om stien for å unngå dei mest kritiske punkta, minimere inngrep/tiltak og gi ei enkel og robust utforming av stien. Tiltaka omfattar grusing, steinsetting og steintrapper. Stein og grus vil bli frakta inn med helikopter frå eit nærliggande steinbrot. Vi viser elles til søknaden med vedlegg, og vil nytte høvet til å gi ros for eit grundig og godt gjennomarbeidd materiale.

Lovgrunnlag

Søknaden er vurdert opp mot gjeldande verneforskrift, fastsett ved kongeleg resolusjon 28. mai 2010, sist endra 28 april 2016 (FOR-2016-04-28-448).

Etter § 3, 2. ledd, nummer 3 er følgjande verneregler relevante:

- a) *Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging.*
- c) *Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. (...) bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse (...).*

Etter § 5, 2. ledd bokstav a er motorferdsel forbode, medrekna landing og start med luftfartøy. Bruk av helikopter til transport av stein og grus blir rekna som landing, og må difor også ha dispensasjon.

Fylkesmannen har heimel for å gi dispensasjon frå verneforskriftene i § 48 i naturmangfaldlova (nml): *Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, (...).* Vedtak om dispensasjon må også vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12, jf. § 7.

Fylkesmannen si vurdering

Formålet med naturreservatet er å bevare eit tilnærma urørt naturområde som har mykje å seie for biologisk mangfold. Høgdegradienten bidrar til eit stort mangfold av arter. Nedst er det artsrik lågurtskog, rike hasselkratt og annan edellauvskog med innslag av alm og ask. I midtre delar er det gammal skog med furu, osp og bjørk. Her er store mengder daud ved. Øvst er bjørk dominerande treslag. Området er representativt for naturleg skogdynamikk på Vestlandet med gamle tre, stormfellingsdynamikk og påfølgjande lauvtreoppsslag. Det er eit mål å ta vare på verneverdiene i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

Slitasje, erosjon og stispreiing gir i dag negative verknader på vegetasjonen i reservatet, særleg der slitasjen skadar fururøtter. Vi ser difor omlegging og forsterking av stien i sårbare parti som eit tiltak som kan vere positivt for naturverdiene dersom det blir godt gjennomført. Søknadsmaterialet gjer godt greie for korleis tiltaket er tenkt gjennomført, og vi ser kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å vurdere saka, jf. nml §§ 8 og 9. Alle detaljar er likevel ikkje mogleg å fastlegge før faktisk gjennomføring. Vi føreset at difor at nøyaktig traséval og løysingar på dei enkelte delstrekningane blir avgjort i samarbeid mellom idrettslaget, utførende entreprenør, kommunen og Fylkesmannen, jf. nml §§ 11 og 12. Vi vil her også peike på at Miljødirektoratet arbeider med ein digital rettleiar for klimarobust tilrettelegging. Lanseringstidspunkt vil bli i 2021, men dato for publisering er ikkje satt. I tilfelle denne er tilgjengeleg tidsnok for prosjektet kan denne vere eit nyttig grunnlag for arbeidet.

Ved gjennomføring av opprustinga kan det følgje frø og plantemateriale av skadelege framande artar med anleggsreiskap og tilførte massar. Massane som er tenkt brukte er stein og knuste grusmassar frå eit nærliggande steinbrot. Dette er massar med vesentleg mindre risiko enn massar frå lausmasseuttak, men avhengig av lagringstid kan også knust masse ha blitt ureina av frø transportert frå omliggande terrell.



Forskrift om fremmede organismer set i § 24, 4. ledd krav om at: *Før flytting av løsmasser eller andre masser som kan inneholde fremmede organismer, skal den ansvarlige, i rimelig utstrekning, undersøke om massene inneholder fremmede organismer som kan medføre risiko for ueheldige følger for det biologiske mangfold dersom de spres, og treffen egnede tiltak for å forhindre slik risiko, slik som bruk av masser fra andre områder, tildekking, nedgraving, varmebehandling, eller levering til lovlige avfallsanlegg.* Uavhengig av dette vedtaket kviler det difor på Eidsvåg idrettslag å forsikre seg om at tiltransporterte masser ikke spreier framande artar inn i reservatet, og til andre delar av stianlegget også utanfor reservatet.

Spreiing av framande artar er eit felt det er viktig å ha ein streng føre-var-haldning til (nml § 9). Vi ser difor behov for å sette vilkår som sikrar at det blir lagt fram for Statsforvaltaren ei sakkyndig vurdering av potensialet for spreiing med dei tiltenkte massane (nml § 8) før anleggsarbeida tar til. Vidare set vi vilkår om at anleggsreiskap skal reingjerast på sikker plass før dei blir brukt i tiltaket (nml §§ 11 og 12).

Tilrettelegging vil bidra til auka bruk, og det kan følgje andre negative ulykker av trafikken enn slitasje, t.d. forsøpling, toalettavfall og bålbrann. Bålbrannen av tørrkvist og medbrakt ved er tillate, men vi ser ei fare for at også friske tre kan bli brukt rundt mykje brukte bålpassar. I verste fall kan følgjeulemper vege opp for positive verknader av tiltaket i seg sjølv, jf. nml § 10. Vi stiller oss difor negative til opparbeiding av stoppunkt som inviterer til lengre opphold som t.d. bålpassar og større sittebenkanlegg, jf. også nml. § 9.

Med å tilrettelegge tar ein også på seg eit ansvar for vedlikehald og skjøtsel, og idrettslaget bør vere innstilt på å gjennomføre t.d. ryddedugnader om det viser seg naudsynt. Fylkesmannen vil for sin del følgje opp med infotiltak om naturverdiar, verneregler og kva omsyn den enkelte må ta i området.

Vedtak

Fylkesmannen gir Eidsvåg idrettslag dispensasjon fra § 3, 2. ledd i verneforskrifta for Prestaksla naturreservat til opprusting og omlegging av eksisterande tursti i samsvar med søknad av 01.09.2020. Vidare dispensasjon fra § 5, 2. ledd for bruk av helikopter til transport av stein og grus. Heimel for vedtaket er § 48 i naturmangfaldlova.

Vilkår

- Dispensasjonen gjeld i tre år. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført innan 31.12.2023 må det søkast på nytt om det framleis er aktuelt.
- Ved oppstart av prosjektet i naturreservatet skal det gjennomførast ei synfaring med Fylkesmannen, kommunen og entreprenør for å avklare nøyaktig traséval og løysingar på dei enkelte delstrekningane. Før synfaring skal forslag til omleggingar av stien stikkast ut i terrenget. Eventuelle oppfølgjande synfaringar blir avtalt fortløpande.
- Før anleggsarbeida tar til må Eidsvåg idrettslag dokumentere for Statsforvaltaren at det er minimal fare for spreiing av framande artar med tilførte massar inn i Prestaksla naturreservat. Dokumentasjonen må bestå av ei sakkyndig vurdering frå kompetent fagperson av dei tiltenkte massane, inkludert ei vurdering av potensialet for spreiing av frø frå omliggande terren til massetaket.
- Før anleggsarbeida tar til skal all reiskap reingjerast på sikker plass utanfor reservatet.
- I naturreservatet skal eventuelle sittebenkar langs turstien ikkje ha høgare kapasitet enn 5 sitteplassar pr. stoppunkt, og det skal ikkje leggast til rette med bord og bålpass. Ved Buktasetra kan eventuelle avvik frå dette drøftast nærmere på grunnlag av konkrete forslag, men i så fall også her utan bålpass.

**Anna lovverk**

Vi gjer merksam på at vedtaket berre omfattar dispensasjon frå verneforskrifta i medhald av naturmangfaldlova. Nødvendige løyve etter anna lovverk må avklarast med rette myndigheter.

Klage på vedtaket

Partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan tre veker frå det er mottatt. Klagen må vere grunngitt, og skal sendast til Fylkesmannen. Miljødirektoratet avgjer klagen dersom Fylkesmannen opprettheld vedtaket. Reglane om klage på vedtak går fram av kapittel VI i forvaltningslova.

Med helsing

Ulf Lucassen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Bjarne Otnes
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Molde kommune	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Statens naturoppsyn	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Naturvernforbundet i Møre og Romsdal	c/o Øystein Folden Rasta 4	6630	TINGVOLL